



Arkivsaknr: 2025/1123-3
Sakshandsamar: Helge Kvam
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Eldreråd	
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028 slik den ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for levekår.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

[Barnevernreforma](#) vart iversatt frå januar 2022. Mål med reforma er at:

- kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- hjelpa skal bli betre tilpassa born og familieane sine behov
- rettstryggleik til born og familiar skal bli godt ivaretatt
- ressursbruk og oppgåveløysinga til barnevernet skal bli meir effektiv

Eit av tiltaka i barnevernsreforma, er at alle kommunar skal lage ein plan for det førebyggjande arbeidet. Kommunestyret skal vedta planen med å førebyggje at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar, jamfør [Barnevernlova §15-1](#).

Vedtaket er lagt til kommunestyret for å bidra til overordna forankring av det førebyggjande tilbodet og synleggjere kommunen sine ressursar til arbeidet.

Førebyggjande plan for Alver kommune er ikkje uttømmende når det kjem til tiltak i førebyggjande regi. Planen er meir eit verktøy for å koordinere, systematisere og vidareutvikle det førebyggjande arbeidet i kommunen på.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Som eit ledd i innføring av barnevernsreforma i Alver kommune, vart det i 2022 sett ned to prosjekt:

- Lokal etablering av tiltak i barnevernet
- Plan for det førebyggjande arbeidet.

Prosjekt Plan for førebyggjande arbeide er avgrensa mot prosjekt: «Lokal etablering av tiltak i barnevernet».

Førebyggjande plan er ein ny handlingsplan i kommunen sitt planverk. Statsforvaltaren har koordinert seg saman med KS og ulike kompetansemiljø for å støtte kommunane i innføring av barnevernsreforma og prosessar med Plan for førebyggjande arbeid i kommunane. Aktuelle kompetansemiljø har vore:

- Regionale ressursentre om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging - <https://rvts.no/>
- Kompetansesenter for rusfeltet - <https://korus.no/>
- Regionalt kunnskapssenter for barn og unge - <https://rkbu.norceresearch.no/>
- Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid - <https://napha.no/>

Alver kommune har delteke i statsforvaltaren sine ressursamlingar i samband med utarbeiding av planen. Aktørane har bistått kommunen med blant anna prosess-støtte, kunnskap og erfaringsdeling mellom kommunar.

Barnevernsreforma gjev større ansvar til kommunen. Det er behov for ein kunnskapsbasert plan for det førebyggjande arbeidet som gjev oversikt på tvers av sektorar, og beskriv korleis me kan arbeide systematisk på fleire nivå for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Vurderingsgrunnlag

Kommunen har førebyggingsansvar jfr [Barnevernlova §15-1](#):

«§15-1 Kommunens ansvar for å forebygge omsorgssvikt

Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.»

Alver kommune sin [Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034](#) er eit overordna styringsverktøy og omhandlar mellom anna fokus på at innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Vidare legg både [Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034](#) og [Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034](#) føringar for det førebyggjande arbeidet.

Organisering og medverknad i planarbeid

Målsettingane i plan for førebyggjande arbeid involverer alle som jobbar med born, unge og føresette internt og eksternt i Alver kommune. Prosjektet har vore organisert på tvers av sektorar og tenester med formål om å fremje samarbeid på tvers.

Vedtaksmynde: Kommunestyret er ansvarleg for vedtak av planen.

Prosjektstyre: Administrativ styringsgruppe v/kommunedirektør

Prosjekteigar: Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse, sosial og omsorg

Prosjektleiar: Avdelingsleiar NAV

Prosjektgruppe: Tenesteleiar helsestasjon- og jordmortenesta, tenesteleiar psykisk helse og rus, tenesteleiar barnehage, familierettleiar NAV, hovudtillitsvald FO.

Det vart sett ned ei utvida referansegruppe for å sikre brei involvering. Referansegruppe har vore representert med:

- Representantar frå ungdomsrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Tilsette i tenesteområda oppvekst samt helse og omsorg og kultur.
- Tilitsvalde
- Representantar frå private barnehagar og skular.
- Knarvik vidaregåande skule og tannhelsetenesta
- Representantar frå politi, barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), distriktpsykiatrisk poliklinikk (DPS).

Medverknad som er gjennomført gjennom planprosessen:
Referansegrupper med Workshop 26. oktober 2022 og 20. oktober 2023. Innspelsmøte med rektorar i Alver kommune 8. desember 2023. Informasjonsmøte med tenesteleiarar og avdelingsleiarar.

Tiltak i plan

I arbeid med utforming av tiltak i plan er kunnskap som folkehelse og oppvekstprofil lagt til grunn for å kartlegge dagens situasjon i forhold til målgruppa born, ungdommar og føresette. Det har vore gjennomført kartlegging - kva har me av førebyggjande tiltak på ulike nivå, kva manglar me av tiltak og sett dette opp mot behov.

Funn:

- Tenestene etterlyser samla oversikt over eksisterande tiltak samt oppdaterte handlingskort tidleg innsats på tvers av teneste.
- Det er vurdert behov for etablering av arbeidsgruppe for innføring av [Bufdir - Nasjonalt forløp for barnevern](#) . Sjå og informasjon på [Helsedirektoratet - kartlegging](#)
- Det er vurdert behov for utgreiing av Betre tverrfagleg innsats (BTI) modell i Alver - [KORUS BTI-modell](#)
- Det er vurdert behov for utgreiing av kommunal psykisk helse og rusteneste for unge under 18 år.
-

Høyring:

Framlegg til plantekst vart publisert offentleg i perioden 28.01-28.02.25. I tillegg vart lenker med informasjon om høyringa delt til eksterne samarbeidspartnarar som t.d. politi, statsforvaltar, Helse Bergen v/BUP og DPS.

Høyringsperioden var 28.01-28.02.23.

I høyringsperioden kom det inn to innspel til plan. Begge er vurdert jamfør vedlegg. Innspel frå NFU Alver og Masfjorden lokallag om tema barn som pårørande er revidert inn i framlegg til plantekst jamfør punkt 2.4.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at framlegg til [Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028](#) er ein tenleg handlingsplan som ivaretar kommunen sitt førebyggingsansvar jamfør Barnevernlova §15-1. Organisering, medverknad og høyring i planprosess i kombinasjon med ekstern støtte frå statsforvaltaren og andre kompetansetilgjengar har bidratt til dette.

Alver kommune har eit breitt tiltaksapparat på fleire førebyggjande nivå. Det er samstundes identifisert forbettringsbehov for den samla førebyggjande innsatsen, og val av tiltak i planen vil vareta dette.

Handlingsplanen har ikkje økonomiske tiltak, men legg mellom anna til grunn at det skal utførast utgreiingsarbeid som seinare kan innebere økonomiske vurderingar. I påvente av utgreiingsarbeid må me prioritere tiltak med omfordeling av ressursar.

Økonomiske konsekvensar

Alver kommune får auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet via barnevernsreforma – sjå omtale frå [KS - Barnevernsreformen](#) Kommunane vert kompensert for auka økonomisk ansvar gjennom auke i rammetilskot.

Det er ikkje lagt inn økonomiske tiltak i Plan for førebyggjande arbeid.

Miljømessige konsekvensar

Føremålet med førebyggjande plan er å betre levekår for innbyggjarar i Alver.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Det er ikkje framlegg om tiltak med organisatoriske konsekvensar, anna enn auka samarbeid og utviklingsarbeid på tvers.

Risiko

- Barn og unge og familiar med kjente risikofaktorar vert ikkje fange opp og får hjelp.
Konsekvens: Barn og unge utvikler atferdsvansker eller vert utsett for omsorgssvikt
- Vi jobber utan plan, struktur og kunnskapsbaserte metoder.
Konsekvens: Vi veit ikkje om arbeidet har effekt eller om tiltaket treff på rett måte

Vurdering av særskilte grupper

Målgruppe for Plan for førebyggjande arbeid er born, ungdom og føresette. Fokus på tidleg identifikasjon av ulike risikoar for målgruppa gjer at planen fokuserer på særskildte grupper som blant anna ulike utviklingsvanskar eller framandspråklege.

I høyringsrunden er det kome innspel frå NFU Alver og Masfjorden lokallag. Det er peike på at planen bør presisere behov relatert til personar med funksjonshindringar og pårørande i familiar. Innspel er tatt til etterretning.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar [Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028](#) slik den ligg føre.

Vedlegg

- 1 Høyringsinnspel Plan for førebyggjande arbeid barn og unge.pdf

- 2 Høyringsinnspel tilsett vNAV
- 3 Adm. vurdering høyringsinnspel Plan for førebyggjande arbeid
- 4 Høyring - Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028